

**Notat**Dato: 14.03.2017  
Arkivsak: 2014/23406-7  
Saksbehandlar: gunhans

---

**Til:** Fylkesrådmannen  

---

**Frå:** Gunbjørg S Hanssen  

---

**Oversendingsforslag - Statusrapport samanslåing Etne / Ølen**

I møteprotokollen frå fylkestinget 07. – 08. mars 2017 er teke inn følgjande:

**Siri Klokkestuen, (A)** sette på vegner av forslagstillaren, Benthe Bondhus (Sp) og Mari Klokkestuen Kjellesvik (A) fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hordaland fylkesting er uroa over arbeid for dei tilsette ved Etne vidaregåande skule når skulen vert slått saman med Ølen vidaregåande skule. Det er ingen vidaregåande skular i Hordaland i naturleg pendlaravstand.

Fylkestinget oppmodar om å inngå best mogeleg avtalar med Rogaland fylkeskommune på vegner av våre elevar og tilsette.

Fylkestinget vil oppmoda om at ein i det vidare arbeidet legg stor vekt på at dei tilsette ved Etne vgs må få tilbod om vidare tilsetjing ved Ølen vgs så langt det er råd.»